

Ei øy av sandsekker og finerplater og eit kompass er del av Vestlandsutstillingen 2011, *Rom for stein og hjort*, som opnar i Kabuso laurdag.

KATRINE HELGHEIM

Årets utstilling har ein ny vri. I staden for å byggja utstillinga kring eit spesifikt emne, har ein forfatar, to designarar og 24 kunstnarar saman laga ei utstilling som rommar både biletkunst, litteratur og design.

– Me vil kollektivt fortelja historia Vestlandsutstillingen 2011. Me har sett bort frå at somme er kunstnarar, somme designarar og somme forfatarar, og fokusert at alle er deltakarar, seier kurator Johanne Nordby Wernø.

Målet med samarbeidsmodellen er, ifølgje nettsida til utstillinga, å utfordra vanlege forventingar til kunstnarisk innhald og eigarskap, det skapande enkeltindividet og autonomien til kvart verk.

Utgangspunktet for utstillinga er novella *Rom for stein og hjort* av Tormod Haugland. Haugland vann ei lukka tekstforfattartevling som kuratorane skipa til for sju unge forfatarar i startfasen for prosjektet i 2009.

– God fisk

Tradisjonen tru inviterer vestlandsutstillinga alle med tilknytning til Vestlandet til å søkja om å delta i prosjektet.

– Det er både spanande og ei utfordring med open invitasjon. Ofte inviterer ein kunstnarar på bakgrunn av det dei har gjort tidlegare. No var det som om me kasta ut eit garn og såg kva fisk me fekk, seier kurator Karolin Tampere.

– Me fekk masse god fisk, slår Nordby Wernø fast.

Fleire av kunstnarane har vore i Øystese denne veka og bygt sine verk.

Sille Storihle er kjend for fleire kvemningar som ein av to kunstnarar som flytta inn på nedlagde Fykse skule for nokre år sidan. Ho



Alle i arbeid: Tysdag hadde konsulent Torunn Øvsthus (til høgre) i Kabuso ei litt annleis oppgåve enn ho brukar ha på arbeid. Ho sydde førti svarte sekker som skulle fyllast med sand før utstillingsopninga laurdag. Kuratorane for Vestlandsutstillingen 2011, Karolin Tampere (t. v.) og Johanne Nordby Wernø, heldt syerska med selskap til ære for fotografen.

Rom for så mangt

tek del i vestlandsutstillinga frå Los Angeles. Hege Iren Svendsen og Eirik Lillebø Wiken frå Fykse utfører hennar verk; ein blåtur i landskapet ved inngangen til eit sund – ein utvida vernissasje i rommet for stein og hjort, om ein vil.

Mobil utstilling

Utstillinga er bygd med tanke på at ho lett skal kunna flyttast til dei fire andre stadane som skal husa henne.

– Ho skal vera så mobil som

mogeleg, seier designar Ian Brown.

Det har resultert i at ein ikkje nyttar vegger til å presentera kunstverk, men i staden nyttar ei øy av sandsekker og finerplater midt på golvet i utstillingslokalet.

– Det er eit poeng at utstillinga ikkje skal verta påverka av rommet ho står i. Snarare skal rommet verta påverka av utstillinga, seier Brown.

Sandsekkene er sydde av konsulent Torunn Øvsthus i Kabuso, som til liks med andre i kunst-

huset, fekk oppgåver litt utanom det vanlege i samband med utstillinga. Sekkene er fylte med sand frå ein lokal entreprenør. Når utstillingsperioden er over, skal sanden returnerast og sekkene sendast vidare til Ålesund saman med resten av utstillinga. Der, og seinare i Førde, Haugesund og Stavanger, skal ho setjast opp att akkurat som i Øystese – med lokal sand og mellom anna ved hjelp av kompass.

– Utstillinga skal forhalda seg til vest på same måte alle stadene,

forklarar Nordby Wernø.

På opningsdagen får publikum òg sjå tre framføringskunstverk eller såkalla performances. Andrea Spreafico og Aleksander Andreassen arbeider med fuglelydar, Marthe Ramm Fortun har teke utgangspunkt i dei tre kvinnene i novella, og Anne Marthe Dyvi skal presentera ei overrasking.

Utstillinga vert å sjå i Kabuso til 2. februar.

helgheim@hf.no

Stor aktivitet i fjelltrim

Jarle Storli sank 1.428 poeng og vann fjelltrimmen til Vikøy idrettsklubb med ein margin på 440 poeng i fjor. Håkon Bjelland tok andreplassen med 988 poeng, medan Eimund Solsvik var tredje best med 679 poeng. Beste kvinne var Gurid Kvåle på 4. plass med 630 poeng.

81 personar – fleire enn nokosinne – samla minst 40 poeng og skreiv seg inn i minst fem bøker. Det er minstekravet til idrettsklubben for å koma med på resultatlista. Idrettsklubben gler seg over den store aktiviteten, og oppmodar turgåarane om å utnyttja plassen i bøkene godt, å setja loket skikkeleg på bokboksane, og å prøva å unngå at bøkene vert våte.

Resultat: 1) Jarle Storli 1.428. 2) Håkon Bjelland 988. 3) Eimund Solsvik 679. 4) Gurid Kvåle 630. 5) Ranveig Bjelland 607. 6) Randi Vågen Storli 524. 7) John Aksnes Nærbø 495. 8) Bjørn Grinde 427. 9) Kjell Steinar Fosso 404. 10) Anne Grethe Aarekol 375. 11) Lars Kristian Vikøy 307. 12) Silje Kvåle 298. 13) Bergit Byrkjeland 291. 14) Herdis Austevoll 281. 15) Bjørn Christian Laupsa 211. 16) Arnfinn Hopland 207. 17) Trude Skeie Mo 198. 18) Torill Kvåle 195. 19) Ingvill Sørheim 191. 20) Liv Aksnes Hopland 189. 21) Eva Stene Kolstad 182. 22) Tone Marit Fosso 177. 23) Arne Brigte Wilhelmsen 175. 24) Bjørg Sørheim 173. 25) Erna Aarekol 171. 26) Astrid Gausel 167. 26) Bente Iren Bjøteit Fonneland 167. 28) Øyvind Haarr 158. 29) Helga Kinne Solsvik 158. 30) Synneva Borge 145. 30) Jakob Grindheim 145. 30) Kjersti Kindingstad Vågen 145. 33) Aase Tyssebotn 144. 34) Bjørg Berge 139. 34) Hålldis Vangdal 139. 36) Torill Borge 136. 37) Lisbet Flotve Mo 133. 38) Kåre Fosso 129. 39) Helene Haarr 123. 40) Dagfinn Berge 118. 41) Marta Borge 117. 42) Svanhild Berge

112. 43) Johannes Tveiten 110. 44) Ingrid Kinne Solsvik 108. 45) Karina Kindingstad Vågen 106. 45) Knut Borge 106. 47) Berit Kindingstad Vågen 105. 48) Torbjørn Vågen 104. 49) Per Jarle Mo 101. 50) Tone Kvåle 99. 51) Torstein Vangdal 95. 52) Tore Mo 94. 53) Daniel Heradstveit 92. 53) Elisabeth Heradstveit 92. 55) Julie Borge 89. 55) Mikal Aarekol 89. 57) John Samland 87. 57) Åse Byrkjeland 87. 59) Torkjell Tolo 86. 60) Dag Skår 83. 61) Håkon Aarekol 82. 62) Erling Lyngset 80. 63) Kristina Aarekol 76. 64) Nils Johan Borge 64. 65) Vegard Vangdal 61. 66) Arne Djuvik 60. 67) Terje Kolltveit 56. 68) Marie Mo 53. 69) Sunniva Bjøteit Fonneland 52. 70) Sjur Tolo 50. 72) Thor Anton Grindheim 48. 72) Margret Borge 48. 75) Helena Bjøteit Fonneland 47. 76) Mette Solli Fonneland 44. 76) Ann-Kristin Bryn 44. 78) Mali Grete N. Aksnes 43. 78) Samuel Valland Lyngset 43. 80) Sunniva Austevoll 41. 81) Brita Vangdal 40.

To sigrar og eitt tap

Øystese starta eliteserierunden i innefotball i Framohallen laurdag med å tapa 1–5 for Horten. Tor Rune Røyane skåra kampens einaste mål for laget. Ifølgje oystesefotball.no var laget ineffektivt og hortkeeperen svært god.

Trass det grundige tapet gjekk rekneskaperen for helga i pless for Øystese futsal. Søndag slo laget Sandefjord 7–4 og Kongsvinger 5–4.

I kampen mot Sandefjord skåra kaptein Erlend Grønner det fyrste målet og Anders Næs det andre. Pauseresultatet var 2–2. I 2. omgang skåra Kristian Pettersson og Tor Rune Røyane to gonger kvar, me-

dan eitt mål vart signert Jon André Røyane.

Det såg lenge ut til at Kongsvinger skulle trekkja det lengste strået i den siste kampen til Øystese. Stillinga var 2–4 til det stod att ti minutt av kampen, opplyser oystesefotball.no. Karsten Raunehaug skåra sigersmålet – hans andre i dysten – då det stod att 13 sekund. Jon André Røyane, Erlend Grønner og Anders Næs skåra eitt mål kvar.

Øystese futsal er nummer seks på serietabellen med 11 poeng. Vegakameraten leier med 19 poeng, medan Sandefjord ligg på tiande- og sisteplass med eitt poeng.